



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato  
01.03.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/14492 421.53  
Dykkar referanse

Odin Kristiansen  
Kvalvågvegen 12  
5956 HUNDVIN

### Tilsagn om tilskot - Lindås - Odins Veg - Tilskot til vegbygging - Landbruksveg - Odin Kristiansen og Jostein Hundvin

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Odinsveg skogsveg klasse 4 datert 8.september 2015.

**Vedtak:** Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om inntil kr 100.000,- til Odinsvegen skogsveg

Tilskotet vert gjeve med inntil 50 % av godkjente kostnader.

Løyving: inntil 50 % av kr 300.000,- = Kr 100.000,-  
Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1.4-2019

#### *Vi gjør merksam på at:*

- Tilskotet vert gjeve med inntil 50% av godkjente kostnader.
- Dette veganlegget har i fylgje søknaden ein totalkostnad på kr 300.000,-. Det er ikkje nok midlar på budsjettet for 2016 til dekking av heile anlegget. Og det vert med dette løyva kr 100.000,- Dette til første del av anlegget.
- Fylkesmannen vil fylgja opp med nye løyvingar **når og om** Landbruksdirektoratet løyver meir tilskotsmidlar til skogsvegbygging i Hordaland og etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram. Fylkesmannen i Hordaland har ingen økonomiske pliktar overfor veglaget om det ikkje vert løyvd midlar til skogsvegar i framtida.
- Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamandrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganlegget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på foreskreven vis.
- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklassen det er gjeve løyve og tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.

- Det vert vist til: "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket" §5 "Tilskudd til veibygging".
- Og til: «Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldane frå 1. februar 2016.
- Fylkesmannen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst.

**Vilkår:**

- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.
- Skogareal som vert hogd blir planta til igjen slik at det vert drive eit utholdande skogbruk i området.

*Dette vedtaket kan påklagast, sjå forvaltningslova § 27 tredje ledd. Eventuell klage vert å senda FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.*

Med helsing

Dirk Kohlmann  
Ass. landbruksdirektør

Terje Natland  
fylkesskogmeister

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ